

Stortinget
Familie- og kulturkomiteen
0026 OSLO

Dykkar ref
2024/7108 IS/mb

Vår ref
24/4152-

Dato
29. november 2024

Dokument 8:15 S (2024-2025) – Representantforslag om samværsrett frå stortingsrepresentantane Sylvi Listhaug, Silje Hjeddal og Erlend Wiborg

Eg viser til brev frå Familie- og kulturkomiteen om Dokument 8: 15 S (2023–2024) om samværsrett. Brevet blei oversendt Barne- og familidepartementet 28. oktober 2024. Forslaget frå representantane lyder:

«1. Stortinget ber regjeringen sikre at det ved dom for vold eller overgrep mot barn (under 18 år) går en automatisk bekymringsmelding til barnevernet om den domfelte, og at det innføres en form for «helseanmerkning» i alle saker der noen er dømt for vold eller overgrep mot barn.

2. Stortinget ber regjeringen fremme forslag som sikrer at i saker om barnefordeling ved samlivsbrudd skal tidligere dom for vold eller overgrep mot barn og unge som hovedregel medføre at overgrepsdømte mister samværsrett, eller at samvær skal gjennomføres under tilsyn. Sakkyndige i saker etter barneloven skal alltid innhente dom og politidokumenter i saker med påstander om vold og overgrep mot barn.»

Representantane tar opp svært viktige forhold som gjeld korleis vi som samfunn vernar barn mot vold og overgrep. Forsлага til representantane gjeld lovgiving og praksis også under andre departement, og Justis- og beredskapsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet har gitt innspel til svaret.

Angåande forslag 1) om automatisk bekymringsmelding til barnevernet og helseanmerkning
Representantane føreslår at det ved dom for vold eller overgrep mot barn (under 18 år) går ei automatisk bekymringsmelding til barnevernet om den domfelte dersom den domfelte har eigne barn, har omsorg for barn eller bur saman med nokon som har barn.

Eg vil understreke at alle som jobbar i ei offentleg teneste eller instans har, utan hinder av teieplikta, i dag ei lovfesta plikt til å utan ugrunna opphold å melde frå til barneverntenesta etter nærmere bestemde vilkår, jf. barnevernslova § 13-2. Eg vil også vise til at etter politiregisterforskrifta § 10-3 skal politiet straks varsle barnevernstenesta dersom dei får kjennskap til eller mistanke om at barn mishandlast av eller har vore utsett for seksuallovvbrot av foreldre, føresette eller andre som barnet bur saman med.

Eit av vilkåra for meldingsplikt til barnevernstenesta er at det er grunn til å tru at barn blir eller vil bli mishandla, utsett for alvorlege manglar ved den daglege omsorga eller utsett for alvorleg omsorgssvikt. Denne plikta gjeld også for dei som arbeider med meklingssaker i familievernet, og dei som utfører slike oppgåver på vegne av dei.

Meldeplikta byggjer på ei avveging av fleire omsyn. På den eine sida bør kvar og ein vere beskytta mot unødvendig spreiling av personlege opplysningar. På den andre sida skal meldeplikta vareta barneverntenesta sitt behov for å bli gjort kjent med at eit barn kan vere utsett for omsorgssvikt. Meldeplikta byggjer på ei konkret vurdering av om vilkåra for å melde frå til barnevernstenesta er oppfylt. Barnevernstenesta må vurdere alle meldingar dei får om bekymring for eit konkret barn.

Eg meiner det er viktig å styrkje kunnskapen og rutinane i tenestene om plikta som følgjer av dagens barnevernslov og politiregisterforskrift om å varsle og melde frå til barnevernstenesta i slike saker, og at det er gode rutinar for å melde frå i situasjonar som er omfatta av meldeplikta.

Representantane føreslår også at det blir innført ei form for «helseanmerkning» i alle saker der nokon er dømt for vald eller overgrep mot barn.

Justis- og beredskapsdepartementet viser til at dersom politiet i enkeltsaker vert kjent med at nokon som frå før er dømd for vald eller overgrep ventar barn, og politiet meiner at faren for nye lovbroter gjer det nødvendig å varsle, er det i gjeldande regelverk føresegner som tillet politiet å levere ut opplysningar. Det følgjer av politiregisterloven § 27 at politiet utan hinder av teieplikt kan levere ut opplysningar til både offentlege og private når det er nødvendig og forholdsmessig for å hindre og førebyggje lovbroter.

Eg forstår representantforslaget slik at dei ser for seg ei meir formalisert, kan hende også automatisert, løysning for å fange opp alle gravide som ventar barn med ein person som er dømd for vald eller overgrep. Dette reiser spørsmål blant anna om politiet skal opplyst om alle gravide og deira partnarar, kven i helse- og omsorgstenesta som eit eventuelt varsel skal gå til, kva innhald varselet skal ha og korleis det skal følgjast opp. Utifra den noko sparsommelege beskrivinga er det vanskeleg å gi ei meir utførleg vurdering av forslaget. Dette ville krevje ei nærmare utgreiing og vurdering av blant anna forventa effekt, om dette vil vere eit nødvendig og forholdsmessig tiltak, særleg sett opp mot retten til respekt for privatliv og familieliv. Det vil også ha økonomiske og administrative konsekvensar for blant

anna politiet. Ei heilt eller delvis automatisert varsling vil venteleg krevje utvikling av nye løysningar for tilgang til og utlevering av informasjon mellom politiet og helse- og omsorgstenesta.

Helse- og omsorgsdepartementet legg til at dersom det skal lagast eit system kor helse- og omsorgstenesta mottek slike opplysningar som representantane peikar på, er det eit uavklart spørsmål kva opplysningane skal brukast til og kva for handlingsplikt dette eventuelt skal utløyse for helsepersonellet som mottek informasjonen.

Det er ikkje på gang nokon slike utgreiingar om automatiske meldeordningar eller helseanmerkning til barnevernet som forslag 1) tek opp, men det er altså plikt i dagens lovverk som skal vareta mykje av omsynet bak forslaga. I arbeidet med ny barnelov vil eg likevel vurdere behovet for ytterlegare presiseringar i lova for å beskytte barn. Vurderingar av krav etter Grunnlova og menneskerettane er heilt sentralt i dette arbeidet, der omsynet til beskyttelse mot vald og overgrep, retten til familieliv og rettssikkerheit er sentrale tema som vil bli vurdert. Eg meiner at det beste er å leggje fram ei heilskapleg ny barnelov for Stortinget, slik at Stortinget kan handsame dei forslaga som er greidd ut der, på ein samla måte.

Angåande forslag 2) om samvær etter barnelova

Representantane har også forslag om beskyttelse av barn i samband med samvær.

Det har vore fleire utgreiingar om betre beskyttelse av barn i saker etter barnelova dei siste tiåra. I 2019 kom det fleire endringar i barnelova og straffelova med hovudmål om å gi barn betre rettsvern mot vald og overgrep. Det blei innført ei plikt for dommarar til å vurdere kontaktforbod når nokon blir domfelt for bestemte former for overgrep mot barn. Det blei innført ei føresegn i barnelova som klargjorde at det som hovudregel ikkje skal vere samvær med barn når det er ilagt kontaktforbod eller besøksforbod mot barnet. Det blei òg fastsett at ein forelder kan reise sak om foreldreansvar mv. utan mekling, når ein forelder er dømt i straffesak for alvorleg vald og overgrep mot egne barn.

I 2016 sendte departementet på høyring eit forslag om å ta inn ei ny føresegn i barnelova om at domstolen etter å ha fått melding frå politiet av eige tiltak (ex officio) skal avgjere sak om foreldreansvar, bustad og samværsrett der ein forelder er dømd for alvorleg vald eller overgrep. Forslaget møtte mykje motstand i høyringa, og det kom prinsipielle innvendingar, mellom anna frå Högsterett. Forslaget blei ikkje følgt opp av dåverande regjering, der FrP hadde barne- og familieministeren, sjá omtale i Prop. 167 L (2016-2017).

Eg vil også vise til at det følgjer av barnelova at det ikkje skal vere samvær når dette ikkje er til barnets beste. Ei avgjerd om samvær skal først og fremst rette seg etter det som er best for barnet, og det skal takast omsyn til at barnet ikkje må bli utsett for vald eller på anna vis bli handsama slik at den fysiske eller psykiske helsa vert utsett for skade eller fare, jf. barnelova § 48. I saker der samvær ikkje er til barnets beste, må retten avgjere at det ikkje

skal vere samvær, jf. barnelova § 43 andre ledd. Føresegna tek særleg sikte på situasjonar der barnet har blitt eller kan bli utsett for vald eller overgrep.

Retten kan treffe avgjerd om at det skal være samvær med offentleg tilsyn, der «omsynet til barnet sine behov talar for det», jf. barnelova § 43 a. Beskytta tilsyn er den mest omfattande forma for slikt tilsyn, og forutset at barnet og forelderen blir overvakte kontinuerleg under samværet. Beskytta tilsyn er ifølgje forarbeida mest aktuelt i tilfelle der forelderen har problematikk knytt til vald, rus eller psykisk liding, men kor samvær likevel er til det beste for barnet. Det er likevel ikkje slik at samvær med tilsyn kan nyttast som eit tryggingstiltak der det er risiko for at barnet vil bli utsett for vald eller overgrep. Tilsynspersonen kan ikkje vere ein garanti for tryggleiken til barnet, og tilsyn skal ifølgje forarbeida derfor ikkje bli brukt der omsynet til barnet sin tryggleik tilseier at domstolen ikkje bør fastsette samvær. Det følgjer av forarbeida at i «saker der domstolene etter en bevisvurdering legger til grunn at barnet har vært utsatt for eller vitne til alvorlige forhold som vald og overgrep og det er fare for gjentakelse eller retraumatisering av barnet, må gjeldende rett forstås slik at det ikke skal fastsettes samvær, heller ikke med tilsyn». Sjå nærmare i Prop. 85 L (2012-2013).

Saker der det er påstandar om vald, overgrep eller annan alvorleg risiko, er krevjande å handtere under mekling og domstolshandsaming, særleg der påstandane ikkje er bevist eller dokumentert. Det er ei rekke føresegner i barnelova som skal sørge for at desse sakene handsamast og opplysast best mogleg. Desse føresegna vil bli vidareført i ny barnelov, og eg vil også sjå på om det er nødvendig med ytterlegare presiseringar i lova for å forsterke beskyttelsen av barn.

Det er dommaren som har ansvar for at ei foreldretvistsak er forsvarleg opplyst før retten tar ei avgjerd. I ei sak der det er påstandar om at barnet er utsett for vald, overgrep eller andre alvorlege forhold, er det særleg viktig at saka blir breitt og grundig opplyst før retten avgjer spørsmålet om samvær. Som representantane skriv, er det også viktig at uriktige eller falske skuldingar ikkje blir lagt til grunn for rettens vurdering.


Det er presisert i barnelova at retten kan oppnemne ein sakkunnig i saker der det er sett fram skuldingar om vald eller overgrep. Kunnskap og forsking tilseier at dette ofte vil vere naudsynt. Det er då viktig at den sakkunnige har tilstrekkeleg kompetanse, og får eit godt og målretta mandat i saka. Forarbeida viser til at domstolen må skaffe seg eit heilskapleg bilde av barnet sin omsorgssituasjon og omsorgsevnene til foreldra. Forarbeida viser også til ei «sjekkliste» for utgreining av slike saker. Retten kan også innhente dokumentasjon frå til dømes barnevern der det trengs. Departementet har i fleire år gitt kompetansemidlar til Domstoladministrasjonen. I Prop. 1 S (2024-2025) er det føreslått at midlane skal nyttast til kompetanseheving ved domstolane når det gjeld bruk av sakkunnig, samværshindring, samvær etter vald, samvær med tilsyn og tvangsfyllbyrding i saker etter barnelova.

Sjølv om gjeldande barnelov er eit godt rammeverk for å beskytte barn, meiner eg vi har eit ansvar for å sjå til at lovverket er det best moglege. Eg viser til at forslaget om tap av foreldreansvar og samværssrett der foreldre er dømd for alvorleg vald eller overgrep mot

barn, har vore utgreidd for ikkje mange år sidan, og blei ikkje følgd opp av førre regjering. Innhenting av dom og politidokument i foreldretvistsaker, er noko eg allereie ser på.

Regjeringa jobbar med vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar som tverrfagleg felt. Dette er komplekst, og løysinga ligg ikkje i barnelova eller lovgivinga elles aleine, sjølv om det er viktig å sjå også på lovverket. Regjeringa har nyleg lagt fram ei ny Opptrappingsplan mot vald og overgrep, og det er gitt fleire oppdrag til Bufdir for å følgje opp fleire tiltak.

Med helsing

A handwritten signature in black ink that reads "Kjersti Toppe". The signature is fluid and cursive, with "Kjersti" on top and "Toppe" below it.

Kjersti Toppe

Brevet er elektronisk godkjent